


Spør inne på museet om nokon kan vise deg leiken!

Vippa pinne

(*spretta pinne, alapinne, vippen, dilka pinne*)

Typisk vårleik



Frå leik i Jostedalen



Dette er ein leik med lang tradisjon. Vippa pinne vart mest leika om våren, men det går fint å spela den både vinter, sommar og haust.

Leikeområde: Ein treng ein ganske flat veg eller plass med eit underlag som ein kan grave ei lita hole/grop i.

Utstyr:

Ein treng ein lang pinne (vippepinne) som er ca. 63 cm (1 alen) lang, og ein liten pinne med ei lengd på 1/3 av den lange pinnen.

To lag

Deltakarane delar seg i eit utelag og eit inne-lag.

REGLAR

1. slag: Legg veslepinnen på tvers over hola, og vipp den ut med vippepinne så langt du klarar (sjå bilde). Utelaget prøver å ta imot pinnen.

- Klarar dei å fanga pinnen utan at den dett ned på marka, får utelaget kome inn.
- Klarar dei ikkje å ta pinnen, skal dei kaste veslepinnen mot vippepinne som no er lagt på tvers over hola.
- Treffer dei, får den neste på laget vippe, eller utelaget får kome inn.
- Treffer dei ikkje, skal innelaget telje poeng (alen) med vippepinne frå hola til staden der veslepinnen ligg (1-2-3 osv.) Mindre enn ein vippepinne frå hola til veslepinnen vert rekna som treff (sjå c).

2. slag: Hald veslepinnen i handa og slå den så langt som mogeleg med vippepinne. Same reglane som over, bortsett frå at vippepinne ikkje ligg over hola. Vippepinne vert no brukt til å slå etter veslepinnen for å verje hola. Treffer pinnen hola, får utelaget koma inn. Innelaget tel poeng med vippepinne frå veslepinnen til hola, slik som punkt d over.

3. slag: Hald veslepinnen i handa og slå den opp i lufta med vippepinne så mange gonger du klarar. Ein må treffe minst to gonger for å få det godkjent. Så er det dei same reglane som over når det gjeld å fange og kaste pinnen, bortsett frå poengteljinga i punkt d. No tel ein med veslepinnen og gongar med antall treff:

- 1 treff: Ein tel 1,2,3,4..osv.
- 2 treff: Ein tel 2,4,6,8..osv.
- 3 treff: Ein tel 3,6,9,12..osv.

Ein bestemmer på førehand kor mange poeng/alene spelet skal gå til, t. d. det laget som først får 100 poeng.

Desse reglane varierer lokalt. Leiken gjev god trening i samspel og matematikk. Leiken er like morosam i dag som tidlegare – prøv sjølv!